



Vaksdal kommune

TILLEGGSSINNKALLING LEVEKÅRSUTVALET

Møtedato: 21.09.2021
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 12:30 - 14:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

| SAKSNR | TITTEL |
|---------|---|
| 20/2021 | ORIENTERING OM UTGREIING AV SAMARBEID MED ANDRE KOMMUNAR OM BARNEVERNSTENESTA |

15. september 2021

Ivar Rødland Bergo
Leiar



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|-----------------|------|------------|
| 20/2021 | Levekårsutvalet | PS | 21.09.2021 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------------|-------|------------|
| Ann Kristin Bolstad | | 21/1176 |

ORIENTERING OM UTGREIING AV SAMARBEID MED ANDRE KOMMUNAR OM BARNEVERNSTENESTA

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet tek saka til orientering.

Saksopplysningar:

Heimel

I møte 15.12.2020, sak 97/2020 – Budsjett 2021, Vaksdal kommune, vedtok Kommunestyret følgjande:

«Administrasjonen skal i løpet av fyrste halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med alternativer for eit interkommunalt samarbeid om barnevernstenester. Fokuset i saka skal vere korleis Vaksdal kommune skal kunne tilpasse barnevernstenesta til krava som foreligg i barneversreformen. Dei tilsette vert involvert i prosessen.»

Bakgrunn for saka

Litt om barneversreforma

Bakgrunnen for å flytta meir ansvar til kommunane på barneversområdet, er kommunane sin nærliek til familiene og innsikta i barna og foreldra sine behov. Barneversreforma skal styrkja kommunane sitt førebyggande arbeid og tidleg innsats.

Reforma regulera først og fremst barnevernet, men måla i reforma skal nåast gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane. Samla sett er barneversreforma i realiteten ei oppvekstreform, kor kommunane legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenestene og nivå.

Målet er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt. Ansvaret for barnevernet er delt mellom stat og kommune. Ei rekke utgreiingar og evalueringar av barnevernet har peika på at ansvarsdelinga vi har hatt er ei kime til utfordringar, og at enkelte avgjersle vert tatt langt frå brukarane. Uklåre ansvarsforhold kan føra til uføreseieleg tilbod og samhandlingsutfordringar.

Mål med reforma

- Kommunane skal styrkja arbeidet med tidleg innsats og førebygging
- Hjelpa skal verta betre tilpassa barn og familiar sitt behov
- Rettstryggleik til barn og familiar skal verta godt ivaretatt
- Ressursbruken og oppgåveløysninga i barnevernet skal verta meir effektiv

Barneversreforma gjer kommunane eit større ansvar for barnevernet, både fagleg og økonomisk. Dette stiller krav til leiinga i barnevernet, til kommunen si styring av barnevernet og til det samla familiestøttande arbeidet.

Eit av måla med reforma er at kommunane skal styrkja arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren. Tidleg innsats, med tiltak som er godt tilpassa barna og familien sitt behov, er først og fremst ei investering i innbyggjarane si velferd, men må òg sjåast på som ei investering som kan spara kommunen for meir inngride og kostbare tiltak seinare.

Med barneversreforma får kommunane auka økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar samt høgare eigenandelar for statlege barnevernstiltak. Kommunane får òg eit auka fagleg ansvar, blant anna gjennom eit heilskapleg ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimar.

Endringane skal samla sett gje eit betre barnevern, slik at flest mogeleg barn kan få tilpassa hjelp innanfor dei ressursane barnevernet og kommunen til ei kvar tid disponera. Endringane vil òg gje kommunane sterke incentiver til å jobba førebyggande. Auka økonomisk ansvar vil vert kompensert gjennom auka rammetilskot.

Dei konkrete endringane i forhold til tidlegare ansvarsdeling mellom kommunane og Bufetat (statleg) er:

- Rettleiing av fosterheimar – kommunane får kommunalt ansvar for individuelle og generell rettleiing til fosterheimar. I dag er dette statleg ansvar i regi av Bufetat
- Finansieringsansvar fosterheimar – dette vert eit kommunal ansvar. Refusjonsordninga vert avvikla
- Finansiering av spesialiserte fosterheimar – skal framleis vera ei statleg oppgåve, men utan bistandsplikt. Det vert auka kommunale eigenandelar
- Finansieringsansvar institusjon – det vert auka kommunale eigenandelar

Barneversreforma byggjer på at det framleis skal vera ei tydeleg statleg andrelinjeteneste. Gjennom oppgåveansvar på spesialisert nivå skal det statlege barnevernet utfylle det kommunale nivået i barnevernet.

Endringane i barneversreforma er ikkje like omfattande som høyringsforslaget. Forslag til endringar i ansvarsdelinga mellom stat og kommune på barneversområdet vart sendt på høyring våren 2016. Høyringsnotatet inneheldt meir omfattande forslag om overføring av ansvar frå stat til kommune samanlikna med den endelege barneversreforma, som vart vedtatt av Stortinget våren 2017. Endringa som følgjer av barneversreforma er heller ikkje like omfattande som Forsøk med ny ansvarsfordeling mellom stat og kommune i barnevernet.

Prosessen som er gjennomført

Vi starta med eit møte med dei tilsette i barnevernstenesta i Vaksdal. Tema på møte var politisk vedtak gjort i kommunestyret desember 2020, gjennomgang av barneversreforma og endringane i denne, innspel til kva som var viktig å få med i ei analyse/vurdering av eit samarbeid, samt kva kommunar som var mest aktuelle for eit samarbeid. Aktuelle samarbeidskommunar som vart lagt

fram i møte var Alver, Osterøy, Gulen/Masfjorden, Bergen og Voss. Det vart i møte vurdert at Alver og Gulen/Masfjorden har for lang geografisk avstand til eit samarbeid. Bergen og Voss vart vurdert som for store organisasjonar, då særleg med tanke på kommunen sitt ansvar for førebygging og tidleg innsats i samarbeid med andre tenester i kommunen. Osterøy vart vurdert som den mest aktuelle samarbeidskommunen.

På vegne av kommunedirektøren tok kommunalsjef oppvekst kontakt med Osterøy kommune. Ein dialog om eit eventuelt samarbeid vart møtt positivt frå Osterøy. Leiinga i kommunane sette ned ei arbeidsgruppe som fekk som mandat å utarbeide eit framlegg til eit samarbeid og organisering av barnevernet i Osterøy, Vaksdal og Modalen som er berekraftig og framtidssikret.

Arbeidsgruppa si samansetjing har vore:

- Barnevernsleiar i Vaksdal
- Barnevernsleiar i Osterøy
- Einingsleiar skule og TBU i Vaksdal
- Leiar for Barnas Hus, Osterøy
- HTV Fagforbundet i Vaksdal

Arbeidsgruppa har sett på kva mogelegheiter ei samla barnevernsteneste vil gje kommunane som deltek i eit interkommunalt samarbeidet med mål om at tenesta skal vere robust med tydeleg overordna struktur og styring som legg vekt på gode avgjersle. Barnevernet skal rå over ressursar og tiltak som er riktige for dei barna som treng det. Ønska vinst og effekt av eit samarbeid vil vera:

- Riktig hjelp til barn som vert utsett for betydeleg risiko.
- Kontroll over saksmengde i tenesta.
- Førebygging saman ned andre kommunale tenester
- Robust teneste der medarbeidarane opplever tydelege beslutningsprosessar, medverknad og gode sakssystem
- Redusera sårbarheit i tenesta
- Breiare kompetanse blant dei tilsette i tenesta

Med dette som sentrale mål og føringar har arbeidsgruppa vurdert:

- Framtidig organisering for å møte ny barnevernslag frå 1. januar 2022 der kommunane Osterøy, Vaksdal og Modalen samarbeider for å gje forsvarlege tenester til innbyggjarane i kommunane. Tenesta skal vere kostnadseffektiv og sikre at kommunane har riktig kompetanse som er organisert for å møte framtidas behov.
- Organisering av tilbodet som viser beslutningslinjene i den eventuelt nye barnevernsorganisasjonen
- Vurdera kva andre kommunale tenester som skal sjåast i samanheng med ei interkommunal barnevernsteneste
- Vurdera korleis systemarbeid kan organiseringa opp mot andre tenester for å kunne møte reforma som ei oppvekstreform
- Vurdera korleis kostnadane skal fordelast mellom kommunane

Arbeidsgruppa har vurdert tre ulike alternativ som kan vera aktuelle:

1. Vaksdal kommune held fram med eiga barnevernsteneste utan interkommunalt samarbeid
2. Vaksdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid om barnevernstenesta saman med Osterøy kommune der dei tilsette er samlokalisert på eitt kontor under felles administrativ og fagleg leiing

- Vaksdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid om barnevernstenesta saman med Osterøy kommune der dei tilsette er delt på to kontor, eitt i Vaksdal og eitt på Osterøy, under felles administrativ og fagleg leiing

Det lovmessige i høve samarbeid med andre kommunar

Eit av hovedmåla med vertskommunemodellen er å tilby ei meir føremålstenleg lovregulering av interkommunalt samarbeid om dei lovpålagte og meir individretta tenestene. Lovfesting av vertskommunemodellen tilbyr ein modell som gjer det forsvarleg å overføra myndigkeit til avgjersle til eit interkommunalt samarbeid, også når det er snakk om offentlig myndighetsutøvelse.

Bakgrunnen for dette er særleg å legge til rette for etablering av enheter og fagmiljøer som er større og mer bærekraftige enn det som er mulig å etablere for mange mindre kommuner hver for seg.

Vertskommunemodellen etter kommuneloven ivaretar demokratiske og rettsikkerhetsmessige hensyn, og modellen har derfor innebygd mekanismer som gjør at deltakerne kan gripe inn og ivareta egne interesser på en helt annen måte enn det for eksempel er vanlig ved rene kjøp og salg av tjenester.

Eit administrativ vertskommunesamarbeid vil krevja ein samarbeidsavtale som skal vedtakast i kommunestyret i dei samarbeidande kommunane.

Føringane for vertskommunesamarbeid er skildra i Lov om kommunar og fylkeskommunar § 20-2 Administrativ vertskommunesamarbeid og § 20-4 Samarbeidsavtale

Vurdering

Kommunedirektøren har pr. idag ikkje tatt avgjersle i kva for eit alternativ av dei tre vurderte som vil verta tilrådinga frå kommunedirektøren til kommunestyret. Det er behov for avklarande samtalar med Osterøy kommune før denne avgjersla vert tatt.

Arbeidsgruppa peikar i sin førebelse rapport at både barnevernet i Vaksdal og i Osterøy er for små til å stå åleine frå 2022. Det vil verta vanskeleg å handtera dei lovkrava kommunane får i høve kompetanse og kapasitet.

Arbeidsgruppa peikar òg på at det er viktig for innbyggjarane at barnevernstenesta er nær. Dette for å senke terskelen til å søkja hjelp, samt at det gjer arbeidet med førebygging og tidleg innsats lettare.

Det er enno uklart korleis den enkelte kommune vil verta kompensert økonomisk ved endringar i ansvarsdelinga mellom kommune og stat, men kommunane er forespeglia ei omfordeling av økonomiske midlar frå Bufetat til kommunane. Korleis dette vil ha innverknad på kommunane er forventa lagt fram i Statsbudsjettet 2022.